2 Kommuneleiing - Stab, kultur, service og næring

Rammeområde 2 er delt mellom reine stabstenester og driftstenester. Det vert lagt vekt på digitalisering, samhandling og koordinering av oppgåver for å oppnå meir effektiv drift.

Kommuneleiing og stab omhandlar tenesteområda 1200 – 1260 (kostra funksjon 120) som er kommunedirektør, kommunalsjefar og stabsfunksjonar.

Staben skal levere tidsrette støttefunksjonar i samsvar med krav og forventningar som er stilt til kommunen si kjerneverksemd og strategiske satsingar. Arbeidsoppgåver er blant anna planlegging, støtte, oppfølging og styring. Dette omfattar blant anna oppgåver knytt til kvalitet og internkontroll, beredskap, fellesfunksjonar, økonomiforvaltning, arbeidsgivarpolitikk, løn og personalforvaltning.

Einingа kultur, service og næring skal saman med resten av staben tilrettelegge for politiske og administrative avgjerdsprosessar, verksemdstyring, analyse og utgreiingsarbeid. Einingа har også ansvar for kulturarbeidet i Giske, dette gjeld bibliotek, frivilligsentral, kulturminnearbeid, friluftsliv og samhandling med lag og organisasjonar. Informasjonsarbeid og fellesfunksjonar som post og arkiv, oppfølging av avtalen med Ålesund knytt til landbruk, samt viltforvaltning er også ein del av einingа. Det næringsretta arbeidet til kommunen samt etableringsstøtte/hoppid blir også fulgt opp her. I tillegg kjem oppfølging av avtale om kjøp av IKT og brukarstøtte frå eKommune samarbeidet.

2. Kjerneverksemd

Ansvar	Årsverk 2021	Årsverk til bruk i 2022	Årsverk til bruk i 2023	Årsverk til bruk i 2024
1200 KOMMUNELEIING - STAB	6,86	5	6	8
1220 ØKONOMI	3,7	3,7	4	5
1240 PERSONAL OG LØN	3,9	3,9	3,9	3,9
1250 KULTUR, SERVICE OG NÆRING	11,2	11,1	11,6	14,4
Sum	**25,66**	**23,7**	**25,5**	**31,3**

3. Driftsbudsjett - kommunedirektøren sitt forslag

Alle tal i heile 1 000 kroner

Teneste	2 Kommuneleiing - Stab, kultur, service og næring	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
1000	KOMMUNESTYRE OG FORMANNSKAP	-	-	404	404	404	404
1200	RÅDMANN - KOMMUNALSJEFAR	5 256	5 938	5 937	5 937	5 937	5 937
1210	PERSONAL OG LØN	2 689	2 690	2 721	2 721	2 721	2 721
1220	ØKONOMI	3 043	3 995	4 590	4 590	4 590	4 590
1230	SERVICEKONTORET	2 506	2 984	2 792	2 792	2 792	2 792
1240	DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	18	-	-	-	-	-
1250	IKT	777	816	875	875	875	875
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	807	893	967	967	967	967
2110	FØRSKULE OG PRIVATE BARNEHAGAR	1 364	491	1 262	1 262	1 262	1 262
2120	GRUNNSKOLE	212	480	1 218	1 218	1 218	1 218
2121	PEDAGOGISK RETTLEIINGSTENESTE	-	-	989	989	989	989
2310	AKTIVITETSTILBOD BARN OG UNGE	50	779	1 025	1 025	1 025	1 025
2412	PSYKISK HELSEVERN	105	106	113	113	113	113
2423	MOT - PROSJEKTET	-	25	-	-	-	-
2440	BARNEVERNTENESTE	259	255	269	269	269	269
2530	PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	-	25	396	396	396	396
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	755	979	1 076	1 076	1 076	1 076
2541	BUFELLESSKAP PSYKIATRI VALDERØY	-	99	-	-	-	-
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	- 1	- 50	-	-	-	-
2730	KOMMUNALE SYSSELSETTINGSTILTAK	428	367	376	376	376	376
2831	Formidlingslån (frå 2020)	-	-	- 120	- 120	- 120	- 120
3010	PLANLEGGING / REGULERING	-	-	1 313	1 313	1 113	1 113
3100	FORMIDLINGSLÅN	- 165	- 120	-	-	-	-
3250	NÆRINGSKONTORET	710	184	731	731	731	731
3253	JORD- OG SKOGBRUK	538	543	785	785	785	785
3610	VILTFORVALTNING	128	63	63	63	63	63
3620	FRILUFTSLIV	193	261	200	200	200	200
3650	KULTURMINNEVERN	- 116	25	11	11	11	11
3700	BIBLIOTEK	924	1 587	1 625	1 625	1 625	1 625
3750	MUSEER	-	28	25	25	25	25
3770	KUNST OG KUNSTFORMIDLING	95	140	140	140	140	140
3810	IDRETT	285	230	255	255	255	255
3850	KULTURKONTORET	426	788	880	880	880	880
3851	ANDRE KULTURTILTAK	200	159	148	148	148	148
3852	FRIVILLIGSENTRAL	502	518	426	426	426	426
	Sum ramme 2 Kommuneleiing - Stab, kultur, service og næring	**21 988**	**25 276**	**31 492**	**31 492**	**31 292**	**31 292**

Auken i budsjett frå 2023 til 2024 på 6 216 000 kroner kjem i hovudsak av:

- Administrativt personell er flytta frå oppvekst og helse til kultur, service og næring.
- Ny stilling som ungdomsarbeider
- Ny stilling som Controller
- Planlegger flytta frå Teknisk til Stab
- Pedagogisk rettleiar er flytta frå Ramme 5 Oppvekst til Ramme 2 Stab

4. Utfordringar og mål

4.1 Utfordringar

- Levere lovpålagde tenester innanfor tilgjengelege økonomiske rammer.
- Etablere effektiv organisering, støtte og tenestenivå som er tilpassa bemanning og trange økonomiske rammer. Dette inneber blant anna tydeleg prioritering mellom arbeidsoppgåver, forventingsavklaring, og ikkje minst sikring av tvillingkompetanse slik at viktige funksjonar vert levert ved eventuell sjukdom, ferie og anna fråver.
- Svært pressa bemanningssituasjon kan gå utover fullverdig tenesteleveranse.
- Implementering av nye digitale verkty, opplæring og størst muleg gevinstrealisering.
- Finne rett organisering under rammeområda for betre samhandling.
- Øve på uforutsette beredskapshendingar.
- Sikre nødvendig kvalitet- og internkontroll i kommunen.
- Systematisk informasjonsarbeid, rett utvikling av heimeside, intranett og bruk av sosiale medier.
- Tilrettelegge for døgnopen forvaltning ved å betre innbyggardialogen slik at innbyggarane kan vere sjølvhjelpte uavhengig av arbeidstid.

4.2 Satsingsområde

- Framhaldande fokus på og oppfølging av systematisk HMS arbeid
- Sjukefråversarbeid frå A - Å i samarbeid med NAV og Bedriftshelsetenesta (BHT)
- Styrking av leiarkompetanse på budsjett- og økonomisk styring
- Oppfølging av tiltak i helse og omsorgssektoren for å imøtekome framtidas behov (Leanprosjekt)
- Tilrettelegging for nytt IKT-system for økonomi, løn og personal, nytt styringsverktøy
- Vurdere samarbeid med andre kommunar eller innkjøp av tenester av sentrale stabsfunksjonar som er sårbare i dag (løn, rekneskap, arkiv m.m)
- Framhaldande fokus på kvalitet og internkontroll
- Framhaldande fokus på beredskapsarbeid
- Kontinuerleg forbetringsarbeid

4.3 Styringskort og styringsindikator

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2024
Innbyggarar	Kvalitet tilpasse dei økonomiske rammevilkåra	Plassering i forbrukarrådet sine testar av kommunal service	100 eller betre av kommunane i landet. 10 eller bedre av kommunane i Møre og Romsdal
	Velfungerande informasjons- og kommunikasjonskanal	Relevant informasjon er lett tilgjengeleg for innbyggjarar og tilsette døgnet rundt. System med digitale søknader mm fungerer godt	Videreutvikle og arbeide meir strategisk med informasjon til innbyggarane. Giske kommune si heimeside er oppgradert. Utarbeide fleire digitale skjemaer for innbyggarane
Medarbeidarar	Beredskapsarbeid med rett kvalitet eksternt og internt	Gjennomførte beredskapsøvingar og ajourført beredskapsplan	Beredskapsøvingar er gjennomført. Kompetanseheving i beredskapsarbeid er gjennomført.
	Velfungerande kvalitets- og internkontroll	Statistikk over avvik og forbetringsforslag	10% auke i meldte avvik og forbetringsforslag i alle einingar
		Internkontroll er integrert i planverk og rapportering	Alle einingar rapporterer systematisk på internkontroll
		Plassering i kommunebiletet	Heve plasseringa på alle område i kommunebildet
	IT - sikkerheit	Medarbeidarar som meistrar og kjenner seg trygge på IT-sikkerheit.	Alle medarbeidere har gjennomført opplæring i personvern og informasjonssikkerheit
	Godt arbeidsmiljø og tilfredse medarbeidarar	Nærversprosent	96 %
	Velfungerande HMS-arbeid på alle nivå i organisasjonen.	Vernerunder og arbeid i HMS-utval. Opplevd kvalitet på samarbeid mellom verneteneste/tillitsvalde og arbeidsgivar.	Systematisk HMS-arbeid vert gjennomført i tråd med HMS-årshjul og handlingsplanar. Samlingar med vernerunde er gjennomført med rett kvalitet.
	Redusere sårbarheit i viktige stabsfunksjonar	Det er etablert tvillingkompetanse eller etablert samarbeid som fungerer med god kvalitet	Samarbeid med andre kommunar eller kjøp av tenester for sentrale stabsfunksjonar som er sårbare i dag (løn, rekneskap, arkiv m.m) er etablert.
Økonomi	Lav andel av administrative ressursar. God økonomistyring	Alle leiarar har kompetanse og forståelse for økonomi og økonomistyring	Kompetanseheving i budsjett og økonomistyring er gjennomført.
		Kostra Netto driftsutgifter på funksjon 120 administrasjon per innbyggar	≥ kr 3 500 per innbygger
		Kostra Netto driftsutgifter på funksjon 120 som andel av totale utgifter	6 %
		Avvik i % av netto driftsramme	≤ 0